



DEN NORSKE KYRKJA

Samnanger sokn

Hagabakkane 1, 5650 TYSSE

Tlf.: 56 58 90 10

E-post: post@samnanger.kyrkja.no

Org. nr. 976 995 147

Til Samnanger kommune ved rådmannen

Kopi til ordførar

19. mars 2021

BÅREROM PÅ SAMNANGERHEIMEN?

Eit par av gravferdsbyråa som vert nytta her i kommunen, har teke opp med oss på kyrkjekontoret tilhøva på Samnangerheimen når det gjeld deira arbeid ved dødsfall der.

Kyrkjestyret handsama denne saka saksnr. 5/21 og bad om at dette vedtaket skulle oversendast kommunen:

Kyrkjestyret ynskjer å påpeika for kommunen at gravferdsbyrå reagerer på at det er bygd ny sjukeheim utan å leggja til rette for dødsfall på staden. Dei må inn på romma til bebuarane for å leggja den døde i kiste. Tilkomsten er ikkje alltid enkel og går stundom gjennom dagleg-stover. Stundom er det trangt og vanskeleg å få plass til både kiste og seng der inne. Om sommaren kan romma vera svært varme. Om det skal vera syning/ båreandakt om kvelden, og dødsfallet har skjedd natta før, vert det då naudsynt å frakta båra til kyrkja sitt kjølerom i bårehuset på Ådland og evt. attende om kvelden om dei vil halda til på Samnangerheimen. (Elles kan kyrkja nyttast til båreandakt, om familien synest det er greitt.)

Kyrkjestyret vil be kommunen og Samnangeheimen å vurdera om det er mogeleg å stilla eit rom til disposisjon som «bårerom». Ein er avhengig av å kunna koma til rommet med sengeheis frå avdelingane, sidan den døde då må verta kjørd i senga si til dette rommet for å verta lagd i kiste der. Rommet bør ha ein storleik som gjev god plass til både seng og kiste. Det bør vera enkel tilgang til parkeringsplass. Rommet kan gjerne liggja i underetasjen eller annan stad der det er råd å halda det kjøleg, slik at kista kan stå der til evt. syning/ båreandakt skal haldast anten på dette rommet eller i storstova. Rommet bør vera livsyns-nøytralt, men ha ei utforming som gjev kjensle av at det er ein verdig stad å setja ei båre. Det er ingen ting i vegen for å nytta rommet til møterom eller andre ting resten av året.

For kyrkjestyret

Britt Haukanes

- kyrkjeverje -